



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Stad:</b>	Herøy Rådhus, formannskapssalen
<b>Dato:</b>	15.06.2015
<b>Tid:</b>	08.30 – 09.15

---

**Medlemer som møtte:**

Gerhard Furø	Leiar	
Frank Lied	Nestleiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	
Selma Håkonsholm	Medlem	

---

**Forfall:**

Ingunn Tandberg	Medlem	

---

**Varamedlemer som møtte:**

Aksel Kvalsvik		

---

**Frå Vest kontroll møte:**

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
-----------------	--------------	--

---

**Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:**

Bodill Skeide	Dagleg leiar/revisjonssjef	
---------------	----------------------------	--

---

**Frå kommunen, politisk hald og administrasjonen møte:**


---

**Andre som møtte:**

--	--	--

**Gerhard Furø**

**Frank Lied**

**SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
20/15	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN
21/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
22/15	GJENNOMGANG AV MØTEBØKER 2015
23/15	MELDINGAR
24/15	PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON – ØKONOMISK RAPPORTERING HERØY KOMMUNE

## **SAK 20/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Frank Lied.

## **SAK 21/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE**

### **Vedlegg**

Møteprotokollen frå møtet den 11.05.2015.

### **Samrøystes vedtak**

Møteprotokollen frå møtet den 11.05.2015 vert godkjent.

## **SAK 22/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015**

Møteprotokollar som var til gjennomgang:

Kommunestyret	28.05
Formannskapet	19.05, 28.05, 09.06
Arbeidsmiljøutvalet	01.06
Eldrerådet	18.05
Komite for næring, kultur og idrett	18.05
Komite for Helse og Omsorg	21.05
Komite for Oppvekst	10.06
Råd for msk. med nedsett funksjonsevne	10.06
Valnemnd	10.06
Valstyret	19.05

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

## **SAK 23/15 MELDINGAR**

### **Vedlegg**

1. Melding om vedtak: Budsjettkontroll per 31.03.2015
2. Melding om vedtak: Neste forvaltningsrevisjonsprosjekt

### **Samrøystes vedtak**

Meldingane vert tekne til orientering.

## **SAK 24/15 PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJON – ØKONOMISK RAPPORTERING HERØY KOMMUNE**

### **Vedlegg**

- Prosjektplan – Utarbeidd av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 08.06.2015.

### **Saksopplysningar**

Det vart i interpellasjon i kommunestyret stilt ei rekke spørsmål om barnevernet. Ut frå debatten i kommunestyret såg det ut som om det var lita interesse for at det skulle gjennomførast eit prosjekt på barnevern no.

Representanten i kommunestyret som stilte spørsmåla om/ til barnevern vende seg då til kontrollutvalet om det var mulig at dei no gjennomfører eit forvaltningsprosjekt på barnevern.

Ut frå signala som kommunestyret gav, gjorde kontrollutvalet i møte den 11.05.15 sak 17 slikt

Samrøystes vedtak:

- «1. Kontrollutvalet ber kommunestyret i mai møtet 2015 klargjere om dei ynskjer at kontrollutvalet skal utføre eit forvaltningsprosjekt på barnevernsområde, då innan eit avgrensa område.
2. Kontrollutvalet ber revisjonen utarbeide prosjektplan for eit forvaltningsprosjekt innan barnevernet som kan gjennomførast. Prosjektplanen skal fylgje «saka» til kommunestyret.  
Leiar og nestleiar i kontrollutvalet får fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.
3. Kontrollutvalet vil ta endeleg standpunkt til å utføre prosjektet når svar frå kommunestyret ligg føre.
4. Kontrollutvalet vil gjere merksam på at det er Fylkesmannen som er klageinstans i barnevernsaker.»

Kommunestyret tok opp saka/spørsmålet i møte 28.05.15 sak 67 slikt vedtak:

«Kommunestyret stadefester at ein held seg til tidlegare vedteken forvaltningsplan.»

Vedtaket i kommunestyret vart vedteke mot 3 røyster. Desse røysta for eit forslag om at kontrollutvalet får i oppdrag å føreta revisjonskontroll av Herøy barnevern.

Tidlegare forvaltningsplan eller plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 2016 som kommunestyret har vedteke lyder slik:

- Forvaltning, drift og vedlikehald av Fast eigedom
- Grunnskule – tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Økonomistyring, leiing og styring (rekneskap, budsjett/budsjettoppfølging og rapportering)
- Personal- og lønspolitikk
- Pleie og omsorgsområdet og bu- og rehabiliteringsavdelinga. (Re-habilitering, institusjonsplassar og heimetenesta. Overtidsbruk, heile stillingar i høve til deltidsstillingar (stillingsprosentar)
- Samhandlingsreforma

Prosjektet Forvaltning drift og vedlikehold av bygg vart behandla i kontrollutvalet og kommunestyret i februar 2014. Prosjektet Spesialundervisning i grunnskulen var behandla i kontrollutvalet og kommunestyret våren 2015.

Om ein skal gå etter rekkefølga i planen så er neste prosjekt innan økonomistyring, leiing og styring (rekneskap, budsjett/budsjettoppfølging og rapportering). Debatten i kommunestyret, som underteikna følgde, gikk på at det var dette prosjektet som var ønska no.

Ut frå dette har vart revisjonen beden om å utarbeide prosjekt plan for eit slik prosjekt, eg viser til vedlegget til saka.

Prosjektplanen vert gjennomgått av revisjonen i møtet, der ein då må kome med evt. korrigeringar og/eller tillegg.

Når det gjeld barnevern kan dette vere eit aktuelt prosjekt i neste planperiode for forvaltningsrevisjon. Først må det utarbeidast overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon.

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet ber revisjonen utføre forvaltningsrevisjonsprosjektet Økonomisk rapportering Herøy kommune i samsvar med utarbeida prosjektplan datert 08.06.2015.
2. Kontrollutvalet ber om at prosjektet vert utvida med investeringsprosjekt avgrensa til vedteke budsjett mot faktiske kostnader på for eksempel helsesenteret og omsorgsbustader.

**MØTET SLUTT.**

### **Møteprotokollen går til:**

Kommunestyret som melding  
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte  
Rådmann til orientering  
Ordførar til orientering